



**Utval:** Formannskapet  
**Møtestad:** Kommunestyresalen, Fitjar rådhus  
**Dato:** 03.12.2014  
**Tid:** 15:00 – 19:45

## Faste medlemmer som møtte:

Namn	Funksjon	Reprenterer
Wenche Tislevoll	Ordførar	H
Agnar Aarskog	Varaordførar	AP
Lars Ove Rimmereid	Medlem	SP
Harald Rydland	Medlem	KRF
Arne Prestbø	Medlem	H

## Forfall:

Namn	Funksjon	Reprenterer
------	----------	-------------

## Varamedlemmer som møtte:

Namn	Møtte for	Reprenterer
------	-----------	-------------

## Frå administrasjonen møtte:

Namn	Stilling
Atle Tornes	Rådmann
Andreas Moe Larsen	Ass. rådmann
Trond Salmo	Økonomisjef
Anne Berit Hovstad Johansen	Helse- og sosialsjef
Bente Bjelland	Kultur- og informasjonssjef
Tore Nesbø	Avd. ingeniør drift
Torgeir Steien	Konst. leiar plan og utvikling
Bente Fitjar	Møtesekretær

*Wenche Tislevoll*

Wenche Tislevoll  
Ordførar

Harald Rydland

Agnar Aarskog

*Bente Fitjar*  
Bente Fitjar  
Møtesekretær

Saksnr	Innhald	Lukket
PS 99/14	Godkjenning av protokoll	
PS 100/14	Saker handsama etter delegering	
PS 101/14	Tal på kommunestyremedlemmer	
PS 102/14	Ny kommunereform - kartlegging av situasjonen i kommunane	
PS 103/14	Budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018	
PS 104/14	Fornyng av kausjon i Stiftinga Havnauset	
PS 105/14	Finansforvaltningsreglement	
PS 106/14	Vedteken ramme for investering til bustadar - utvida nytteområde	
PS 107/14	Kulturminneplan - høyringsframlegg	
PS 108/14	Avtale med Engevik & Tislevoll AS om bruk av justeringsreglane for moms for byggjefeltet Brakjehaugen på Vestbøstad	
PS 109/14	Kulturprisen 2014	
PS 110/14	Næringsprisen 2014	
PS 111/14	Omsorgbustader	X
PS 112/14	Førespurnad om kjøp av eigedom i Årskog	X
PS 113/14	Prioritering av spelemidlar for 2015	
PS 114/14	Meldingar	
PS 115/14	Ymse	

Innkalling og sakliste godkjent utan merknader.

### **PS 99/14 Godkjenning av protokoll**

#### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet godkjenner protokoll frå møte 05.11.2014.

#### **Behandling i Formannskapet - 03.12.2014:**

#### **Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

### **PS 100/14 Saker handsama etter delegering**

#### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet tek delegeringssaka til vitande.

#### **Behandling i Formannskapet - 03.12.2014:**

**Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

**PS 101/14 Tal på kommunestyremedlemmer****Framlegg til vedtak:**

Rådmannen legg fram saka utan tilråding.

**Behandling i Formannskapet - 03.12.2014:**

Formannskapet drøfta saka og kom med følgjande framlegg til vedtak:

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera følgjande vedtak:  
Fitjar kommunestyre skal ha 17 medlemmer i valperioden 2015-2019.

**Tilråding: (Samrøystes)**

Fitjar kommunestyre skal ha 17 medlemmer i valperioden 2015-2019.

**PS 102/14 Ny kommunereform - kartlegging av situasjonen i kommunane****Framlegg til vedtak:**

Formannskapet vedtek å senda inn svar på spørsmål som framlagt.

**Behandling i Formannskapet - 03.12.2014:**

Formannskapet drøfta saka. Medlemene kom med innspel til referansegruppa om utfyllande svar på spørsmåla.

Framlegg til vedtak frå representanten Wenche Tislevoll (H):

Formannskapet vedtek å senda inn svar på spørsmåla som framlagt, med endringar som kom fram i møtet. Ordføraren får fullmakt til å redigera endeleg svar.

**Vedtak: (Samrøystes)**

Formannskapet vedtek å senda inn svar på spørsmåla som framlagt, med endringar som kom fram i møtet. Ordføraren får fullmakt til å redigera endeleg svar.

**PS 103/14 Budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018****Framlegg til vedtak:**

Budsjettet vert lagt ut på høyring i perioden 3. desember til 17. desember.

Formannskapet rår kommunestyret til å vedta Rådmannen sitt budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018 med følgjande endringar:

## Behandling i Formannskapet - 03.12.2014:

Delt ut i møtet:

Meldingar om skatteinngang november 2014 og Rekneskapsrapport 3. kvartal 2014; Uttale frå eldrerådet.

Rådmann Atle Tørnes og økonomisjef Trond Salmo orienterte om status for skatteinntekter og rekneskapsrapporten pr. 3. kvartal. Skatteinntektene har auka i siste kvartal i forhold til tidlegare i år. Rekneskapsrapporten viser stort forbruk på helse- og omsorg, dette er i hovudsak sommar-bemanning, overforbruk sosialhjelp og personalkostnader teknisk.

Formannskapet drøfta rekneskapsrapporten. Administrasjonen svara på spørsmål frå medlemmane vedk. rekneskapsrapporten.

Rådmann Atle Tørnes og økonomisjef Trond Salmo orienterte om vedlegg 6 i saka, Rådmannen sine innspel til budsjett 2015, og svara på spørsmål frå medlemmene.

Formannskapet skal no leggja ut budsjett på høyring i 2 veker, dette skal handsamast i kommunestyret 17. desember.

Framlegg til endring i budsjett frå representanten Arne Prestbø (H) på vegne av H og AP:

	<u>Auka utgift</u>	<u>Auka innt/innspar</u>
Eigedomsskatt på 2014 nivå	700.000	
7. klasse i krinsane, netto utg.	421.800	
Reduksjon i kontrollutvalet		200.000
Ekstraordinært skjønn		300.000
Ressurskrevjande brukarar statsbudsj		160.000
Reduksjon info/kultur 10% stilling		65.000
Reduksjon 20% stilling Sælevik 1.8.		50.000
Reduksjon i tilskot lag/org		50.000
Tilskot FKIB AS	95.000	
Annonse poster		50.000
Avtale med private på kommunal vei		50.000
Kjøp av kommunale tenester brann		100.000
Diverse post Folkehelse		43.000
Medarbeidarundersøkelsen 2015		100.000
Diverse kostnader Eigedomsskatt		50.000
Vedlikehald anlegg og uteareal		50.000
Vedlikehald park	50.000	
<b>SUM</b>	<b>1.266.800</b>	<b>1.268.000</b>
Auka overskot		<b>- 1.200</b>

Formannskapet drøfta framlegget grundig.

Investeringsbudsjettet:

Rådmann Atle Tørnes orienterte om prosjekt bustader for vanskelegstilte/LAR-senter, viste til planlagte «trinn» i «hustilbodet» og svara på spørsmål frå formannskapet. Det vart lagt føre framlegg til romløyisingar frå arkitekt på Fitjarsjøen 38, og førebels kostnadskalkyle.

Røysting:

Det vart røysta over administrasjonen sitt framlegg til budsjett, med endringar frå H og AP. Dette fekk 4 røyster mot 1 (KRF), og det ligg etter dette føre slik;

### **Tilråding til kommunestyret: (4 mot 1 (KRF) røyster)**

Budsjettet vert lagt ut på høyring i perioden 3. desember til 17. desember.

Formannskapet rår kommunestyret til å vedta Rådmannen sitt budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018 med følgjande endringar:

	<u>Auka utgift</u>	<u>Auka innt/innspar</u>
Eigedomsskatt på 2014 nivå	700.000	
7. klasse i krinsane, netto utg.	421.800	
Reduksjon i kontrollutvalet		200.000
Ekstraordinært skjønn		300.000
Ressurskrevjande brukarar statsbudsj		160.000
Reduksjon info/kultur 10% stilling		65.000
Reduksjon 20% stilling Sælevik 1.8.		50.000
Reduksjon i tilskot lag/org		50.000
Tilskot FKIB AS	95.000	
Annonse poster		50.000
Avtale med private på kommunal vei		50.000
Kjøp av kommunale tenester brann		100.000
Diverse post Folkehelse		43.000
Medarbeidarundersøkelsen 2015		100.000
Diverse kostnader Eigedomsskatt		50.000
Vedlikehald anlegg og uteareal		50.000
Vedlikehald park	50.000	
<b>SUM</b>	<b>1.266.800</b>	<b>1.268.000</b>
Auka overskot		<b>- 1.200</b>

## **PS 104/14 Fornyng av kausjon i Stiftinga Havnauset**

### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet rår kommunestyret til å gjera fylgjande vedtak:

Fitjar kommune gir sjølvskuldskausjon for eksisterande lån til Stiftinga Havnauset i Nordea på kr. 9.842.574 + 10%.

Sjølvskuldskausjonen gjeld og for eventuell refinansiering i annan bank/långjevar.

Kommunestyret godkjenner utvida nedbetalingstid på lånet til utløpet av 2034.

Rådmannen får fullmakt til å fastsetja avdragsprofilen på lånet.

### **Behandling i Formannskapet - 03.12.2014:**

Revidert saksframlegg vart delt ut i møtet. Rådmann Atle Tornes gjorde greie for saka, og endringane som er gjort.

### **Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)**

Fitjar kommune gir sjølvskuldskausjon for eksisterande lån til Stiftinga Havnauset i Nordea på kr. 9.842.574 + 10%.

Sjølvskuldskausjonen gjeld og for eventuell refinansiering i annan bank/långjevar.

Kommunestyret godkjenner utvida nedbetalingstid på lånet til utløpet av 2034.

Rådmannen får fullmakt til å fastsetja avdragsprofilen på lånet.

## **PS 105/14 Finansforvaltningsreglement**

### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet rår kommunestyret til å vedta vedlagt Finansreglement for Fitjar kommune.

### **Behandling i Formannskapet - 03.12.2014:**

### **Tilråding til kommunestyret: (Samrøystes)**

Fitjar kommunestyre vedtek vedlagt Finansreglement for Fitjar kommune.

### **PS 106/14 Vedteken ramme for investering til bustadar - utvida nytteområde**

#### **Framlegg til vedtak:**

1. Gjeldande investeringsfullmakta til kjøp av bustadar til vanskelegstilte på 2,7 mill. kroner kan nyttast til kjøp av bustadar for flyktningar.
2. Eventuell auke i investeringsramme i budsjett for 2015 kan nytta til kjøp av bustadar for flyktningar.

#### **Behandling i Formannskapet - 03.12.2014:**

Rådmann Atle Tornes orienterte om saka, og svara på spørsmål frå formannskapet.

#### **Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

### **PS 107/14 Kulturminneplan - høyringsframlegg**

#### **Framlegg til vedtak:**

1. Formannskapet tek utkast til kulturminneplan med vedlegg til orientering.
2. Rådmannen får fullmakt til å slutføra redigering av planen, og leggja den ut på open høyring.
3. Kommunestyret får planen til handsaming via formannskapet etter høyringsrunden.

#### **Behandling i Formannskapet - 03.12.2014:**

Korrigert versjon av kulturminneplan høyringsdokument vart delt ut i møtet. Rådmann Atle Tornes og kultur- og informasjonssjef Bente Bjelland orienterte om planen og svara på spørsmål frå formannskapet. Ein tek sikte på å få vedteke kulturminneplanen i kommunestyremøte i april. Formannskapet drøfta saka. Det må lesast nøye korrektur i plandokumentet, og syta for at planen er komplett før den blir lagt ut på høyring. Formannskapet vil ha planen lagt føre seg når den vert lagt ut på høyring.

Administrasjonen endra pkt. 2 i framlegget:

Rådmannen får fullmakt til å slutføra planen, og leggja den ut på open høyring.

#### **Vedtak: (Samrøystes)**

1. Formannskapet tek utkast til kulturminneplan med vedlegg til orientering.
2. Rådmannen får fullmakt til å slutføra planen, og leggja den ut på open høyring.
3. Kommunestyret får planen til handsaming via formannskapet etter høyringsrunden.

### **PS 108/14 Avtale med Engevik & Tislevoll AS om bruk av justeringsreglane for moms for byggjefeltet Brakjehaugen på Vestbøstad**

#### **Framlegg til vedtak:**

Formannskapet godkjenner avtale med vedlegg dagsett 19. november 2014 med Engevik & Tislevoll om overtaking av byggjefeltet «Brakjehaugen».

**Behandling i Formannskapet - 03.12.2014:**

Ordførar Wenche Tislevoll (H) ba formannskapet vurdere hennar habilitet då ektemannen har eigarinteresser i Engevik & Tislevoll AS. Ho vart samrøystes erklært inhabil. Nestleiar Agnar Aarskog (AP) gjekk inn som møteleiar.

**Vedtak: (4 røyster)**

Som framlegg.

**PS 109/14 Kulturprisen 2014**

**Framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt føre utan tilråding.

**Behandling i Formannskapet - 03.12.2014:**

Saka vart handsama i lukka møte, jfr. Kommunelova § 31.2.

Rådmann Atle Tornes vart samrøystes erklært inhabil, og forlet møtet under handsaming av saka.

Representanten Harald Rydland (KRF) vart samrøystes erklært habil i saka.

Det er kome inn 5 forslag, fordelt på 3 kandidatar.

Formannskapet drøfta saka.

Framlegg til vedtak frå formannskapet:

Kulturprisen 2014 vert tildelt Bjørn Haaland.

**Vedtak: (Samrøystes)**

Kulturprisen 2014 vert tildelt Bjørn Haaland.

**PS 110/14 Næringsprisen 2014**

**Framlegg til vedtak:**

Saka vert lagt føre utan tilråding.

**Behandling i Formannskapet - 03.12.2014:**

Saka vart handsama i lukka møte, jfr. Kommunelova § 31.2.

Representanten Wenche Tislevoll (H) melde seg inhabil, grunna slektskap til føreslegen kandidat. Ho vart samrøystes vedteken inhabil. Nestleiar Agnar Aarskog (AP) gjekk inn som møteleiar.

Det er kome inn eitt forslag til kandidat.

Framlegg til kandidat frå representanten Harald Rydland (KRF): Engesund Fiskeoppdrett, Visningssenter.

Formannskapet drøfta saka.

Framlegg til vedtak frå formannskapet:

Næringsprisen 2014 vert tildelt Engesund Fiskeoppdrett, Visningscenter

**Vedtak: (4 røyster)**

Næringsprisen 2014 vert tildelt Engesund Fiskeoppdrett, Visningscenter.

**PS 111/14 Omsorgbustader**

**PS 112/14 Førespurnad om kjøp av eigedom i Årskog**

**PS 113/14 Prioritering av spelemidlar for 2015**

**Framlegg til vedtak:**

1. Fitjar kommune prioriterar søknadar om ordinære idrettsanlegg i denne rekkefølgen:

- a. Fitjar kommune - lysanlegg kunstgrasbane
- b. Fitjar kommune – garderobebygg

2. Fitjar kommune prioriterar søknadar om nærmiljøanlegg i denne rekkefølgen:

- a. GSE Sandvik - Rossneset trivselpark ballbinge
- b. Fitjar kommune -aktivitetsflate I «småskulen
- c. GSE Sandvik – Rossneset trivselpark grusbane
- d. Fitjar kommune - aktivitetsflate III «ungdomstrinnet»
- e. Fitjar kommune - aktivitetsflate II «mellomtrinnet»

**Behandling i Formannskapet - 03.12.2014:**

Kultur- og informasjonssjef Bente Bjelland orienterte om saka. Det vert presisert at garderobebygg nemnt i saksframlegget, er plassert ved kunstgrasbanen.

**Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

**PS 114/14 Meldingar**

**Framlegg til vedtak:**

Formannskapet tek meldingssakene til vitande.

**Behandling i Formannskapet - 03.12.2014:**

Meldt i møtet:

- ✓ Lønsoppgjær - ass. rådmann Andreas Moe Larsen orienterte, lønsoppgjæret kom i havn innafor fullmakta frå formannskapet.
- ✓ Arbeidstilsynet, 4 tilsynsmeldingar – ass. rådmann Andreas Moe Larsen orienterte, alle avvika er lukka

Melding om skatteinngang november 2014 og rekneskapsrapport 3. kvartal 2014 vart handsama i sak PS 103/14: Budsjett 2015 og økonomiplan 2015-2018.

Orientering frå rådmann Atle Tornes:



Status adressering – det vil koma ressursar på plass etter nyttår for å jobba med denne saka.

Orientering frå ordførar Wenche Tislevoll (H):

Bompengepakke Stord Vestside - Proposisjon vart stoppa i regjering, det vert likevel jobba politisk for å få dette opp til handsaming i Stortinget. Dersom det ikkje vert utvida bompengειnnkrevjing vil ein etter kostnadsoverslag ha 6 mill for lite for å fullføre prosjektet Rimbareid-Vik. Anbodet for Sagvåg bru vert tildelt i midten av februar 2015 og prosjektet vert utført som planlagt.

**Vedtak: (Samrøystes)**

Som framlegg.

**PS 115/14 Ymse**

**Framlegg til vedtak:**

**Behandling i Formannskapet - 03.12.2014:**

Orienteringar frå ordførar Wenche Tislevoll (H):

Ordføraren vil be styra i Fitjarfestivalen og Håkonarspelet om ei tilbakemelding på aktivitetar dei har hatt. Fitjar kommune har gitt tilskot til begge laga, og ynskjer ein status frå dei.

Det vert skipa næringsseminar på Fitjar fjordhotell onsdag 10. des. Ordføraren oppmoda formannskapet å møte.

Lukka sak, jfr. Kommunelova § 31.5. Ordføraren føl opp saka og gjev attendemelding til formannskapet.